

Takk for innsatsen!

23.10.2013



UU-leiar Kristian leiar allsongen

Dei rundt rekna 25 flinke dugnadsdamene som no har halde det gåande med Kafe Tlaren i Gamleskulen i meir enn 7 år vart behørig takka ikveld. Leiar Kristian Bringedal og styret inviterte til festleg samvær med koldtbord frå Elins Matgleder, allsong og mimrestund. Mange minner vart teke fram, ikkje minst fordi 7 av dei inviterte hadde gått på skulen i desse romma. Bringedal orienterte også om det som no gå føre seg i kjellaren- Singelen er på plass og det neste vert isolasjon og støyping.



Det vanta ikkje noko på koldtbordet

Leiaren gav uttykk for at han var imponert over det store arbeidet damene gjer kvar tysdag gjennom heile året. Han

konstaterte at korkje Husnes eller Rosendal har lukkast med å få igang noko tilsvarande tiltak. Og aller mest vellukka er det når det kjem gjestar utanfrå og vert imponert over Tlaren.

Bringedal slo fast at besøket er svært stabilt og at halvparten av bruttoen er reine inntekter for UU og går til vedlikehald og og drift av det tradisjonsrike huset. Stort sett sel damene for rundt 1000 kroner kvar opningsdag.

No er også Helgheim rusta opp gjennom ein imponerande dugnadsinnsats men det vert understreka at dei to husa ikkje er konkurrentar, men utfyller kvarandre.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen